

# **Samfunnsfagdidaktisk forskning med empiri frå norsk skule – eit forskingsoversyn**

**Yngve Skjæveland**



**Nordidactica**

**- Journal of Humanities and Social Science Education**

**2020:4**

Nordidactica – Journal of Humanities and Social Science Education

Nordidactica 2020:4

ISSN 2000-9879

The online version of this paper can be found at: [www.kau.se/nordidactica](http://www.kau.se/nordidactica)

## Samfunnsfagdidaktisk forskning med empiri frå norsk skule – eit forskingsoversyn

Yngve Skjæveland

Institutt for lærarutdanning (ILU), NTNU Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Trondheim

*Abstract: The article provides an overview and assessment of empirical research on social studies in Norwegian school from 1997 to 2020. The research is fragmented and large parts of the social studies subject have scarcely been explored. Far more research has been conducted in civic education and history than in geography. Democracy is the individual topic that has received most attention from researchers. Far more studies have been carried out in secondary school than in primary school, and qualitative studies are predominant. There is a greater focus on students' understanding than on the teacher's perspective. The number of publications in the field has been increasing in recent years, but the new curriculum places new requirements on teachers and teacher education, which increases the need for new research in the field. The article discusses research gaps and possible future research objectives.*

KEYWORDS: SOCIAL STUDIES DIDACTICS, REVIEW, SUBJECT DIDACTICS, SCHOOL RESEARCH

KEYWORDS (NO): SAMFUNNSFAGDIDAKTIKK, FORSKINGSOVERSYN, FAGDIDAKTIKK, SKULEFORSKING

**About the author:** Yngve Skjæveland (f. 1970) er professor i samfunnsfag ved Institutt for lærarutdanning (ILU), NTNU Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Trondheim. Han er historikar og har publisert fleire arbeid om teknologihistorie, lokalhistorie og om barnehagen som læringsarena. Han har forska på historiefremføring i skule og barnehage og har skriva lærebøker i samfunnsfag for barneskulen. E-post: yngve.skjaeveland@ntnu.no

## **Innleiing**

Ei nyare fagbok om norsk samfunnsfagdidaktikk slår fast at den «fagdidaktiske litteraturen, som skal gje rettleiing for praksisfeltet og grunnlag for fagleg utvikling, ikkje er så rikhaldig som han burde ha vore» (Hunnes, Samnøy, & Børhaug, 2015, s. 23). Dei som har prøvd å finna forskingsbasert kunnskap om samfunnsfag i norsk skule vil nok kunne slutta seg til dette, og fleire har påpeikt at det er naudsynt med meir forskning innanfor fagområdet (Solhaug, 2012, s. 205-206; Solhaug, Borge, & Grut, 2019, s. 62). Like viktig er det at eksisterande og ny forskning når ut til fagfellar og til praksisfeltet. Det finst ikkje noko samla oversyn over forskning på området, denne artikkelen har som mål å gje eit oversyn over empirisk forskning på samfunnsfag i norsk skule.

Frå 2020 vart nye læreplanar tekne i bruk i skulen (LK20). Fagfornyinga inneber nye krav og omstilling for samfunnsfag som for andre fag. Det har kome nye kompetansemål som er færre og mindre spesifikke enn tidlegare. Nytt er det også med kjerneelement og tverrfaglege tema som skal inn i alle fag, og «djupnelæring» har vore eit nøkkelord i fagfornyinga.

Nye læreplanar kjem med jamne mellomrom, men «Hvordan planene settes ut i livet i skole og klasserom, er i liten grad belyst gjennom empirisk forskning» (Kunnskapsdepartementet, 2014, s. 68). LK20 stiller nye krav til lærarane, mindre spesifikke mål og retningslinjer enn tidlegare fører til at skular og lærarar i større grad sjølv må velja fagstoff og tilnæringsmåtar. LK20 baserer seg på at det i skulen finst autonome og kompetente faglærarar med solid kunnskap om fag og fagdidaktikk. Behovet for forskingsbasert kunnskap har difor blitt endå større etter innføringa av den nye læreplanen. Skulefaget og lærarutdanninga må byggja på forskingsbasert kunnskap om kva som skjer i skulen for å utvikla faget og profesjonen. Dersom undervisninga skal vera basert på eit vitenskapleg grunnlag må ein ha kjennskap til korleis dette vitenskaplege grunnlaget ser ut. For å få til dette må det takast i bruk eksisterande forskning og det må gjennomførast ny forskning. Men som Hunnes, Samnøy og Børhaug (2015) peikar på, er ikkje denne litteraturen veldig rikhaldig. Samfunnsfaget er også eit breitt fagfelt, skulefaget er knytt til mange vitenskapsfag, og det er ikkje lett å orientera seg i forskingsfeltet.

Denne studien er ein systematisk gjennomgang og ei vurdering av samfunnsfagdidaktisk forskning basert på empiri frå norsk skule i tida etter 1997. Målet med artikkelen er å gje eit oversyn over kva som finst av forskingsbasert kunnskap om samfunnsfag i norsk skule og å vurdere forskningssituasjonen. Det inneber å visa kva slags fagområde og tema som har blitt undersøkt, men også å identifisera høl i forskinga. Vidare er det eit mål å vurdere korleis feltet har utvikla seg over tid og å diskutera framtidig samfunnsfagdidaktisk forskning.

## **Metode, materiale og avgrensingar**

Denne artikkelen skal gje eit oversyn over empirisk forskning på samfunnsfag i den norske skulen. Men skulefaget samfunnsfag og forskingsfeltet samfunnsfagdidaktikk er

breie fagområde, og det er ikkje utan vidare klårt korleis dette bør avgrensast. Ein studie som gjev oversyn over forskingsstatus må avgrensast på fleire kantar for å avgjera kva slags forskingsarbeid som skal vera med. Studien må avgrensast til eit bestemt tidsrom, det må vera ei fagleg avgrensing i høve til andre fagområde, for forskning på skulefag kan det avgrensast til skuleslag, skulefag og klassetrinn. Ei slik avgrensing må vera basert på nokre inklusjons- og eksklusjonskriterium (Brunton, Stansfield, Caird, & Thomas, 2017, s. 94-95).

Samfunnsfaget i grunnskulen har tradisjonelt vore samansett av tre hovudområde, samfunnskunnskap, historie og geografi. Sjølv om desse fagområda ikkje er like tydelege i LK20 som i tidlegare planar, er dei tre hovudretningane likevel til stades. Studien kunne vore avgrensa til grunnskulefaget. Men mange studiar går på tvers av grunnskule og vidaregåande skule og forskingsfunn frå grunnskulen kan også ha relevans for vidaregåande skule og omvendt. Difor er forskning om bae skuleslag teke med. I den vidaregåande skulen er ikkje samfunnsfag eitt fag. Her har faginndelinga for samfunnsfaga variert, men dei tre fagområda i grunnskulefaget har i hovudsak vore eigne fag i vidaregåande. I tillegg til samfunnsfag i grunnskulen er difor undersøkinga basert på forskning med empiri frå fag i vidaregåande skule som fell tydeleg innanfor same fagområde som samfunnsfag i grunnskulen. Dette gjeld fellesfaga historie, geografi og samfunnskunnskap (med namnet samfunnslære 1994-2006, samfunnsfag 2006-2020, samfunnskunnskap i LK20), og programfag som er klårt innanfor fagområdet. Her er det fleire fag som kan vurderast som grensetilfelle, men fag som geofag, rettslære og økonomiske fag er ikkje inkludert i studien. Ein studie med empiri frå programfaget sosiologi og sosialantropologi er med i utvalet (Børhaug & Langø, 2020) og tre publikasjonar analyserer elevar sine val av samfunnsfaglege og humanistiske programfag (Bøe, 2012; Børhaug & Borgund, 2018; Lavonen, Angell, Bymen, Henriksen, & Koponen, 2007). Elles er det ikkje identifisert studiar knytt til samfunnsfaglege programfag i vidaregåande skule.

Samfunnsfaga dekkjer store fagområde og sidan nettopp samfunnet er faget sitt emneområde, er også samfunnsrelaterte spørsmål på andre fagområde relevante for faget, og samfunnsfaglege spørsmål og tema er relevante i andre fag. Det finst fleire studiar som gjeld skule, barn og ungdom, t.d. om politiske haldningar som utan tvil vil vera relevante for faget og ha implikasjonar for faget. Slike studiar er ikkje teke med her, sjølv om resultatane kan ha relevans og interesse for utviklinga av samfunnsfaget. Her er ikkje grensene klare eller opplagte for kva som bør takast med, men det sentrale inklusjonskriteriet er at studiane må vera direkte knytt til grunnskulefaget samfunnsfag eller dei ovanfor nemnde samfunnsfaga i vidaregåande skule, og at det er henta inn empiri i tilknytning til skulefaga. Nokre publikasjonar er tverrfaglege og handlar om samfunnsfag som eitt av fleire fag. Det gjeld t.d. større kvantitative undersøkingar om implementering av læreplan (Hodgson, Rønning, & Tomlinson, 2012; Opheim, Grøgaard, & Næss, 2010). Slike undersøkingar er teke med fordi dei fyller inklusjonskriteriet om empiri frå skulefaga og fordi dei er med på å gje forskingsbasert kunnskap om faga. At også andre fag er med i undersøkingane gjev ikkje grunnlag for å ekskludera dei frå materialet, tvert om vil det vera verdfullt å få innsyn i forskning som tek føre seg samfunnsfaget i ein tverrfagleg samanheng.

Undersøkinga er basert på vitenskaplege arbeid. Det vil i fyrste omgang seia doktoravhandlingar og fagfelleverderte artiklar, bokkapittel og bøker publisert gjennom vitenskaplege publiseringskanalar. Men tillegg til slike publikasjonar finst det også rapportar frå forskingsinstitusjonar, seminar, konferansar og forskingsprosjekt som har gjeve viktige bidrag til kunnskap på feltet, nokre slike arbeid er difor også inkludert i oversynet (Gilje, 2016; Gilje, Ingulfsen, & Swensen, 2015; Gilje, Silseth, & Ingulfsen, 2014; Hodgson, Rønning, Skogvold, & Tomlinson, 2010; Hodgson et al., 2012; Opheim et al., 2010; Rasmussen, Gilje, Ferguson, Ingulfsen, & Bakkene, 2014).

Undersøkinga må også avgrensast i tid. Faget samfunnsfag i grunnskulen slik som det no er samansett, vart oppretta med innføringa av læreplanen i 1997 (L97). Orienteringsfag, som var ein kombinasjon av naturfag og samfunnsfag på 1. - 6. trinn vart då borte og *samfunnsfag* vart det sams namnet for faget i heile grunnskulen, som eit fag samansett av samfunnskunnskap, historie og geografi (J. Christophersen, Lotsberg, Knutsen, & Børhaug, 2003; Haug, 2003). 1997 er difor eit naturleg startår, sjølv om det tyder å gå langt tilbake i tid, og ikkje alle studiar vil vera like relevante for dagens situasjon. Men det er relativt få studiar frå den tidlege perioden, og det vil kunne gje eit breiare oversyn over forskingsfeltet si utvikling om også desse blir tatt med. Siste supplerande søk etter litteratur vart gjort i desember 2020.

Utvalet av forskingspublikasjonar er basert på søk i utvalde litteraturlag og tidsskrift. Det er to tidsskrift som har vore særleg aktuelle publiseringskanalar for norsk samfunnsfagdidaktisk forskning. Det er eine er *Acta Didactica Norge* (frå 2020 *Acta Didactica Norden*), eit fagdidaktisk tidsskrift med publikasjonar frå ulike fag, her er alle årgangar frå starten i 2007 gjennomgått. *Norddidactica* er eit nordisk samfunnsfagdidaktisk tidsskrift, og det einaste tidsskriftet i Noreg eller Norden som er spesialisert på dette fagområdet. Alle utgåver av tidsskriftet er gjennomgått, frå fyrste utgåve i 2011.

Det vart valt ut fem databasar der det er gjort systematiske søk. *Oria.no* og *Idunn.no* har blitt vurdert som dei to mest sentrale som kan gje informasjon om norske forskingspublikasjonar innanfor pedagogikk, humaniora og samfunnsvitenskap. Dei tre siste er *Arts & Humanities database*, *ERIC* og *Web of Science* som i større grad inkluderer internasjonale publikasjonar. Det vart også gjort søk på *google scholar* og opne søk på internett gjennom *google.com*. Etter at søka her var avslutta, vart det gjort nokre prøvesøk i andre databasar, *Jstor* og *Project Muse*, men utan nye resultat. Det vart også gjort supplerande manuelle søk i referanselister til innsamla publikasjonar.

Søkestrengane må vera så presise som råd for å fanga opp det som er relevant for dette forskingsoversynet (Brunton et al., 2017, s. 96-97). Samfunnsfaga og samfunnsfagdidaktikken femnar breitt tematisk og fagleg, i tillegg skal søka fanga opp studiar med empirisk materiale henta frå skulen. For å fanga opp dette finst det ikkje nokre få eller avgrensa søketermar som kan fanga opp alle relevante studiar. Det er difor brukt mange ulike omgrep og kombinasjonar av desse. Søkeomgrepa er: samfunnsfag, samfunnskunnskap, historie, geografi, didaktikk, fagdidaktikk, samfunnsfagdidaktikk, samfunnskunnskapsdidaktikk, historiedidaktikk, geografididaktikk. Omgrepa som inneheldt didaktikk vart søkt etter som didakti\* for å fanga opp både didaktikk og didaktisk. I tillegg måtte desse omgrepa kombinerast med søkeomgrepet skule/skole.

Søk vart utført på både norsk og engelsk. Dette gav til saman svært mange søk og søkeresultat, det er difor ikkje gjort greie for alle søk og alle treff, men nokre døme er presentert nedanfor.

Manuelt søk i Nordidactica og Acta Didactica gav 18 treff. Dette gav eit grunnlag for å utvikla søkestrengar og å gå vidare med søk i databasar. Det måtte svært mange søk til før søkinga kunne avsluttast, og mange søk gav få relevante treff. Eit døme kan vera søket på (historiedidakti\* AND (skole OR skule)) i Oria. Dette gav 70 treff, men berre to som fylte inklusjonskriteria. For å finna fram til desse måtte kvart treff vurderast, for nokre var det nok å lesa gjennom tittel eller abstract, men for andre måtte også innhaldet i publikasjonen studerast for å sjå kva slags empiri publikasjonen bygde på. Blant treffa som vart ekskludert i dette søket var 30 masteroppgåver. Masteroppgåver kan gje verdfull kunnskap og ha interessant empiri, men i ei vurdering av forskningssituasjonen vil vera naturleg å skilja mellom studentarbeid og forskning utført av profesjonelle forskarar. Andre publikasjonar som ikkje møtte inklusjonskriteria var anten teoretiske arbeid, lærebøker og andre fagbøker, eller det var forskning basert på annan empiri enn frå norsk skule, t.d. læreplanar, lærebøker, eller empiri frå lærarutdanning eller frå andre land. Andre søk gav langt fleire relevante treff. T.d. gav søket ((«social studies» OR («social science» OR «social sciences»)) AND norw\* AND school\*) i ERIC 45 treff, av desse fylte 16 inklusjonskriteria, 1 av desse var ein dublett.

Etter at søking var fullført vart det gjennomført koding av dei inkluderte publikasjonane. Dette vart gjort for å systematisera materialet og for å lettare kunne analysa det. Publikasjonane vart koda for å kunne plasserast i kategoriar (Sutcliffe, Oliver, & Richardson, 2017, s. 131). Kategoriane vart valt ut for å kunne skildra karakteristiske trekk ved dei som forskingsarbeid, som forskningstema og metode. Publikasjonane vart gjevne kodar for publikasjonsår, publikasjonstype (artikkel, avhandling, bokkapittel) forskningstema, fagområde (samfunnskunnskap, historie, geografi), skuleslag og evt. klassesetning (barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule), metodisk tilnærming (kvalitativ eller kvantitativ) og forskingsobjekt eller kjelde til informasjon (elev, lærar). Val av kategoriar og kodar var grunngeve ut frå det som var hovudføremålet for studien, å skapa oversyn over eit forskingsfelt. Koding og kategorisering gav grunnlag for resultatane som vert presentert nedanfor.

## Resultat

Søket etter forskingsarbeid, med dei avgrensingar som det er gjort greie for ovanfor, resulterte i 99 publikasjonar frå perioden 1997-2020. Dette er 14 doktoravhandlingar, 1 licentiatavhandling, 61 artiklar, 9 bokkapittel og 14 forskingsrapportar. Det er desse arbeida som ligg til grunn for den vidare gjennomgangen, og det vil bli vist korleis arbeida fordeler seg i ulike kategoriar. Når summen av publikasjonane som er plassert i dei ulike kategoriane i nokre tilfelle blir høgare enn 99, er det fordi nokre arbeid kan vera plasserte i fleire kategoriar.

### **Eit forskingsfelt i vekst**

Berre 21 av dei 99 arbeida er publiserte før 2010. Etter 2010 har det vore ein kraftig vekst i forskingsaktiviteten, særleg frå midten av tiåret. Fram til 2010 vart det publisert ca. 2-3 arbeid kvart år, medan det dei siste åra har kome 8-10 publikasjonar årleg. Dette er det naturleg å sjå i samheng med at det har vore ein sterk vekst i lærarutdanningsmiljøa. Det har blitt stadig fleire vitenskapleg tilsette på lærarutdanningane, fleire stipendiatar og fleire med høg kompetanse og dermed meir forskingstid enn tidlegare. Det kan nok også sjåast i samheng med ein større vekt på forskning generelt i lærarutdanninga.

### **Fordeling på fagområde**

I ei inndeling av forskinga i ulike fagområde er det ikkje heilt enkelt å skilja klårt i tydelege kategoriar. Innanfor dei tre hovudretningane eller faga historie, samfunnskunnskap og geografi, ser me at nokre har eit tydleg fokus på t.d. berre geografi, andre tek føre seg heile grunnskulefaget eller kombinasjonar med andre fag.

Samfunnskunnskap er likevel den delen av faget som har blitt vist mest interesse av forskarane. 39 publikasjonar har fokus på samfunnskunnskap i grunnskulen eller samfunnsfag i vidaregåande skule. 23 publikasjonar er knytt til historiefaget, medan berre 9 publikasjonar handlar om geografidelen av samfunnsfaget eller geografifaget i vidaregåande skule. Av dei 99 publikasjonane er det 27 som handlar om samfunnsfaget i grunnskulen generelt eller som er vanskelege å plassera klårt innanfor eit spesielt emneområde eller del av faget (Huang et al., 2017; Mikkelsen, Buk-Berge, Ellingsen, Fjeldstad, & Sund, 2001). 13 publikasjonar handlar om tverrfaglege tema der samfunnsfag er eitt av fleire involverte fag. Hovudtyngda av dei tverrfaglege publikasjonane kom i åra kring 2010, over halvparten av desse publikasjonane er frå perioden 2009-2012. Det har blitt færre tverrfaglege arbeid dei seinare åra, sjølv om forskinga generelt har auka i omfang. Dette er eit uttrykk for at det har blitt fleire smalare studiar med meir avgrensa fokusområde.

### **Forskingstema - demokrati dominerer**

Forskingfeltet er karakterisert av at det er svært stor breidde i tema og ulike faglege vinklingar. Samfunnsfaget er i seg sjølv eit stort og omfattande fag, basert på fagområda historie, geografi og samfunnskunnskap og med fleire tilhøyrande vitenskapfag. Dette gjev i seg sjølv grunnlag for stor fagleg breidde, men i tillegg til fagleg innhald kan forskning på skulefag også leggja vekt på didaktiske, organisatoriske eller pedagogiske tilnærmingar til faget i skulen, noko som legg til rette for endå større breidde.

25 av arbeida er ikkje knytt direkte til undervisning eller læring, men studerer det ein kan kalla rammer for undervisninga eller bakgrunn for forstå praksis i faget. Dette er t.d. forskning om vurdering (Dahl, Grut, & Østerås, 2015; Hodgson et al., 2010; Wilson, 2014), om planlegging (Løfsnæs, 2002), val av læremiddel, fortolkingar av læreplan og Lie (2017) sin studie av samanhengen mellom lærarar sin bakgrunn og deira haldningar til undervisning. Sju publikasjonar handlar om elevar sine oppfatningar av

fag, t.d. om haldningar til og kunnskap om samfunnsfag, motivasjon for faget og bakgrunn for val av samfunnsfag i vidaregåande skule (Bøe, 2012; Børhaug & Borgund, 2018; Lavonen et al., 2007; Mathé & Elstad, 2018; Repstad & Repstad, 2010). To artiklar har fokus på elevar sine geografikunnskapar og syn på geografifaget (Fjær, 2013; Fjær & Eikli, 2008). Det er elles stor variasjon og mangfald i temaval og innfallsvinklar til å utforska samfunnsfaget. Willbergh (2017) har gjennomført ein studie om bruk av «mimemisk didaktikk», der ein gjennom bruk av døme som kan knytast til elevane sin kvardag kan gjera undervisninga relevant for elevane. Engh (2004) har forska på utvikling av sosial kompetanse i samfunnsfag. Nokre har tydeleg fokus på undervisningsmetodar eller verktøy som kan brukast i undervisninga, t.d. film i undervisninga (Wagner, 2018) rollespel som metode i historiefaget (Allern, 2016; Johanson & Pedersen, 2019), eller bruk av «tren-tanken» læringsstrategiar (Davidsen, 2017). Kjeldebruk i undervisninga er også eit tema fleire har utforska (Blikstad-Balas & Høgenes, 2014; Lønnum & Mørk, 2020; Rasmussen et al., 2014), og drøfting i samfunnsfag har blitt undersøkt (Langø, 2015).

Samfunnsfaget har i LK20 fått eit spesielt ansvar for digitale ferdigheiter. Men praksisfeltet får ikkje mykje støtte av forskingsbasert kunnskap på dette området, det finst relativt lite forskning om digitale ferdigheiter eller bruk av digitale verktøy i samfunnsfag. I 2003 vart det gjennomført eit større prosjekt om bruk av utforskande metodar og digitale verktøy i samfunnsfag (Enger & Wilhelmsen, 2003), og i 2010 vart det publisert eit arbeid om bruken av digital forteljing i samfunnsfag (Aasen, 2010). Dei to publikasjonane om GIS (geografiske informasjonssystem) høyrer også med i denne kategorien (Andersland, 2011; Cyvin, 2013). Dei seinare åra har det vore aukande forskingsinteresse på området, særleg etter 2017. ARK&APP-prosjektet om læremiddelbruk i ulike fag undersøkte bruk av digitale verktøy og tilhøvet mellom digitale og papirbaserte læremiddel (Gilje, 2016; Gilje, Silseth, & Ingulfsen, 2014). Den nyaste forskinga har fokusert på dataspel som metode i historiefaget (Øygarðslia, 2018), bruk av nettbrett (Lofthus, 2017), digital literacy og bruk av digitale kjelder (Lofthus & Silseth, 2019) og korleis digitalisering kan bidra til nye didaktiske modellar og bruk av nye undervisningsmetodar og læringsarenaer (Spante, 2019; Spante, Karlsen, Nortvig, & Christiansen, 2014). Sosiale media er lite utforska, men ein publikasjon studerer elevar sin bruk av sosiale media i politisk samanheng og elevar si vurdering av politisk bruk av sosiale media (Mathé & Elstad, 2017). Eit interessant trekk ved forskinga på digitale ferdigheiter, er at ein stor del av studiane er utført på barnetrinnet. Dette står i motsetnad til samfunnsfagdidaktisk forskning generelt, der barnetrinnet er underrepresentert, som me skal koma tilbake til.

Av dei andre grunnleggjande ferdigheitene, er det berre skriving i samfunnsfag som i nokon særleg grad har interessert forskarar innanfor feltet. Fire publikasjonar er innoom dette temaet (Myklebust & Høisæter, 2018; Overrein & Smidt, 2009, 2010; Øgreid, 2016). Ingen andre grunnleggjande ferdigheiter får same fokus, sjølv om mange publikasjonar er innoom tematikken på ulike måtar. Bråten and Anmarkrud (2013) har studert ungdomsskuleelevar sine lesestrategiar i arbeid med samfunnsfaglege tekstar.

Dersom me ser nærare på konkret fagleg innhald i form av faglege tema, er demokrati det temaet som har fått klårt mest merksemd. 21 av publikasjonane har eit



klårt hovudfokus på demokratiopplæring, men i tillegg til dei 21 er det også fleire andre publikasjonar som på ulike vis tar opp dette temaet med litt ulike perspektiv og fokusområde (Aasebø, 2017; Borge, 2016, 2018; Børhaug, 2008; Børhaug & Langø, 2020; Fjeldstad & Mikkelsen, 2003; Huang & Biseth, 2016; Huang et al., 2017; Mathé, 2016, 2018; Mathé & Elstad, 2020; Mikkelsen, 2003; Mikkelsen, Fjeldstad, & Lauglo, 2011; Samuelsson, 2013; Stray & Sætra, 2015; Stray & Sætra, 2016; Sætra, 2020b; Sætra & Stray, 2019a, 2019b; Ødegaard, 2015). Dette kan ein sjå som ein naturleg følgje av at demokrati og medborgarskap er eit av dei mest sentrale tema i samfunnsfaget og at demokratiforståing og opplæring til politisk deltaking er ein viktig del av legitimeringsgrunnlaget for samfunnsfaget. Menneskerettar har også ein tydeleg plass både i overordna del av læreplanen og i læreplanen for samfunnsfag, innanfor dette området er det publisert ei doktoravhandling (Vesterdal, 2016).

Bortsett frå demokrati er det få andre tema som peikar seg ut. Blant publikasjonane tidleg i den undersøkte perioden var det fleire historiedidaktiske arbeid med vekt på barn si historieforståing, historiebruk og historisk medvit (Knutsen, 2006; Mæland, 2002). Dette fagområdet har ikkje hatt ein like sterk posisjon i seinare år, sjølv om det har kome fleire publikasjonar på området (Johanson, 2015). Elles er dei andre arbeida fordelte på mange ulike felt, der det er få område som peikar seg ut. Også i dei 23 publikasjonane om historiefaget er det stor breidde. Seks av publikasjonane har med utgangspunkt i andre verdskrigen eller holocaust undersøkt spørsmål knytt til rasisme eller fleirkulturelle tema (Kverndokk, 2007; Lenz, 2011; Mikkelsen & Lauglo, 2010; Penne, 2009; Vesterdal, 2011). Syse (2012) har med utgangspunkt i same tidsperiode undersøkt korleis historieundervisninga kan utforska historiske narrativ og minnekultur. Bortsett frå andre verdskrigen er det ingen historiske epokar som har fått spesielt fokus. Det er som nemnt få studiar innanfor geografifaget, men her er ekskursionar og bruk av lokalsamfunnet som læringsarena eit tema som dominerer (Andersen, Bjørkeng, & Skavhaug, 2011; Jordet, 2007; Skavhaug & Andersen, 2013). Forståing og bruk av kart er eit anna viktig geografitema (Bjerva, Græsli, & Thorsteinn, 2011; Gilje et al., 2015) som også har blitt undersøkt i ein tverrfagleg samanheng (Cyvin, 2013), og på dette området har det nyleg blitt avlagt ein doktorgrad (Staurseth, 2020).

### **Lite forskning på dei yngste elevane**

Oversynet viser at det er stor overvekt av forskning på ungdomstrinnet og vidaregåande skule. Det er 45 publikasjonar knytt til samfunnsfag i ungdomsskulen og 46 som fokuserer på den vidaregåande skulen. Av dei 99 publikasjonane er det 24 studiar som er knytt til samfunnsfag på barnetrinnet. Av desse har sju empiri frå både barnetrinn og høgare nivå, og 17 er basert på data frå barnetrinnet åleine. Nesten alle desse er forskning på mellomtrinnet. Nokre studiar tek føre seg fleire trinn eller heile barnetrinnet, men det er ikkje utført nokon studiar som har eit spesifikt fokus på småskuletrinnet (1- 4. klasse) åleine. Bjerva et al. (2011) sin studie av barn si forståing og bruk av kart har empiri frå både barnehage, småtrinn og mellomtrinn, medan Samuelsson (2013) si undersøking om demokratiopplæring er basert på lærarintervju på 2, 3, 6 og 7. trinn.

## Meir kvalitativ enn kvantitativ forskning.

Det er stor overvekt av kvalitative studiar. Av dei registrerte publikasjonane er det 75 som baserer seg på kvalitative metodar, 16 er basert på kvantitative metodar, medan 9 av studiane har nytta både kvalitative og kvantitative metodar. Arbeida som brukar ein kombinasjon av metodar er i hovudsak større arbeid som doktoravhandlingar og omfattande rapportar (Borge, 2016; Børhaug, 2007; Lie, 2017; Solhaug, 2003).

Eit stort fleirtalet av dei kvalitative studiane er basert på intervju med elevar eller lærarar, nokre har også observasjonar av undervisning, analysar av elevtekstar eller kombinasjonar av desse. Dei fleste av desse publikasjonane har elevane som studieobjekt. Det kan handla om elevar si forståing, elevprestasjonar eller oppleving av undervisning eller av samfunnsfaglege fenomen. 72 av 99 studiar undersøker elevar med ein eller fleire av desse vinklingane. Av desse er det 52 som har fokus på elevar åleine, medan 27 studerer både elevar og anten lærarar, lærarstudentar eller skuleleiing. Til saman 46 publikasjonar har data frå lærarar, 19 publikasjonar er basert på intervju eller annan informasjon frå lærarar åleine, medan 27 tek føre seg lærarar i kombinasjon med anten elevar, studentar eller skuleleiing. Det er også nokre få som undersøker lærarstudentar i praksis i skulen, dette gjeld fire studiar (Enger & Wilhelmsen, 2003; Nielsen, 2001, 2004; Skavhaug & Andersen, 2013).

## Drøfting

Gjennomgangen viser at samfunnsfagdidaktisk forskning om norsk skule er spreidd på mange ulike område. Sidan feltet er prega av studiar innan mange ulike felt med mange ulike studieobjekt og forskingstema er det heller ikkje veldig lett å oppsummera kva som er resultatata av forskinga, fordi resultatata er naturleg nok også spreidde. Det er langt lettare å peika på kva me *ikkje* har fått svar på enn på kva forskinga har gjeve svar på. Difor er det også mogleg å peika på område der det må setjast inn ein større forskingsinnsats. Breidda i forskinga har vore aukande dei seinare åra. Det har samanheng med aukande forskingsaktivitet innan fagfeltet generelt, særleg etter 2010. Det har også blitt fleire artiklar i vitenskaplege tidsskrift.

I eit oversyn over svensk samfunnsfagdidaktisk forskning viser Anna Johnsson Harrie (2011) at det er fleire likskapstrekk mellom den norske og den svenske forskingssituasjonen. Også i Sverige er forskinga dominert av studiar av ungdomsskule og vidaregåande skule, med få studiar på lågare nivå. Det er også eit stort innslag av læremiddelforskning og mindre på praksis i skulen, «Det kan tyckas märkligt att denna kärnverksamhet är så lite beforskad, i jämförelse med antalet studier som finns om undervisningens betingelser», (Johnsson Harrie, 2011, s. 24). Ho meiner at det er alt for lite kunnskap om kva som skjer i undervisninga. Nettopp ein vidare komparasjon med andre land kan vera eit viktig steg mot meir kunnskap, noko som også kan bidra til forskingssamarbeid over landegrensar. I dette oversynet er det berre fire komparative studiar som inkluderer forskning på norsk samfunnsfag, og tre av dei er publiserte i utlandet. Den amerikanske forskaren Jack Zevin har undersøkt norske og amerikanske elevar på vidaregåande nivå sin nasjonale identitet ved å analysere elevane si oppfatning

av eigen nasjon og andre nasjonalitetar (Zevin, 2003). I ei svensk licentiatavhandling har Hultman (2012) undersøkt bruken av lokalhistorie i historieundervisninga i Noreg og Sverige, og Jonas Christophersen (2015) har samanlikna norske elevar sine samfunnskunnskapar med andre nordiske elevar. I ei relativt brei samanlikning av dansk og norsk samfunnsfag blir det konkludert med at sjølv om mykje er likt i dei to landa, er det likevel ein skilnad mellom ein liberal og autonom dansk lærarkultur og ei læreplan- og lærebokstyrt undervisning i Noreg (Brondbjerg, Christophersen, Jakobsen, & Sørensen, 2014).

Det er også fleire andre studiar som peikar på ei lærebokstyrt undervisning, men her er ikkje resultata av forskinga eintydig, og det er relativt få forskingsarbeid å støtta seg på. Det finst teikn til at både elevar og lærarar ser ut til å tenkja tradisjonelt om undervisning og er opptekne av reproduksjon og fakta meir enn av kritisk refleksjon (Hodgson et al., 2012, s. 158). Jonas Christophersen (2004) hevdar at læreboka framleis er svært styrande for undervisninga, men seinare studiar nyanserer dette. Rasmussen og Lund (2015) hevdar at læreboka har mista sin dominerande posisjon og blitt erstatta av «hybride praksisar» der ulike læremiddel blir tekne i bruk. Justvik (2012) og Brondbjerg et al. (2014) meiner at ein framleis kan finna mykje tradisjonelle metodar i undervisninga, men at det har blitt større vekt på kjeldebruk og aktiv tilnærming, og at dette er noko mange lærar er blitt meir medvitne om (Brondbjerg et al., 2014; Justvik, 2012, s. 15; 2014). Det er grunn til å tru at bruken av læremiddel er i endring, med stadig fleire digitale ressursar, med bruk av nettbrett og annan teknologi og ei utvikling der også dei tradisjonelle lærebøkene blir digitaliserte. Dette tyder at det er behov for oppdatert forskning på lærebøker og læremiddel. Lærebokanalysar har ein sterk tradisjon innafor samfunnsfagdidaktikken. Slik forskning kunne vera naudsynt og nyttig i periodar der læreboka hadde ein sterkare posisjon i undervisninga. I framtida vil det vera nyttig å undersøkje meir enn innhaldet i lærebøker og andre læremiddel, og i større grad studera korleis læremiddel og andre kjelder til kunnskap vert valt ut og brukt i undervisninga, av både lærarar og elevar. Dette kan ein også sjå i samanheng med at samfunnsfaget etter LK20 har fått eit særskilt ansvar for elevane sine digitale ferdigheiter.

Demokrati er som nemnt det mest utforska temaet. Det er mange ulike perspektiv på dette, men med vekt på opplæring i demokrati, demokratiforståing og politisk deltaking. Det ser ut til at det framleis er slik som Hunnes et al. (2015, s. 24) hevdar, at skulen fremjar eit relativt smalt demokratiomgrep og eit syn på demokrati som er knytt til valsystem og valdeltaking. Dette synet får støtte også i eit av dei nyaste bidraga på området. Mathé (2019) hevdar at ei slik smal og avgrensa forståing av demokrati også vil føra til avgrensa politisk deltaking (Mathé, 2019, s. 111), og at det difor er viktig å utvida elevane sitt syn på kva demokrati er og kva det kan vera. Her kan vekt på kritisk tenking og sentrale fagomgrep vera ein veg framover, og det trengst meir empirisk forskning om korleis dette kan skje.

I LK20 har alle fag fått færre og mindre konkrete læreplanmål, men mange av dei same tematikkane kjem att på fleire årstrinn. Dette stiller nye krav til korleis ein tenkjer om progresjon i opplæringa, heilt frå tidleg i barneskulen og oppover i klassetrinna. Dette er frå før eit tema som har fått lite merksemd, og behovet for kunnskap blir ikkje

mindre med LK20. Det har vore mindre fokus på barnetrinnet enn på dei høgare klassetrinna. Særleg har det vore lite på småtrinnet, der det er minimalt med forskning. I følgje fagfornyinga skal byrjaropplæring vektleggjast i alle fag, og dette er det naturleg å sjå i samheng med progresjon i faget. Men det finst lite forskingsbasert kunnskap om byrjaropplæring og progresjon i samfunnsfaget i dag. (Børhaug, 2015; Solhaug et al., 2019).

Trass i at forskinga på samfunnsfag dekkjer eit breitt tematisk område, er det ikkje vanskeleg å peika på område der det har blitt gjort lite og der ein kan håpa på aukande interesse frå fagdidaktiske forskingsmiljø i åra som kjem. Dette gjeld både tema og perspektiv som har blitt tydelegare i LK20 og det gjeld tema som også har vore tydelege i tidlegare planar. Det har dei seinare åra vore sterkare fokus på korleis skulen handterer vanskelege tema, som kriser og kontroversielle tema. Dette vart særleg aktualisert etter 22. juli 2011. Her ligg det til rette for at samfunnsfaget kan spela ei meir sentral rolle. Det er utført ein del forskning om 22. juli, men førebels ingen som hentar empiri frå ein samfunnsfagleg kontekst. Sjølv om Anker and Lippe (2015) ikkje har undersøkt samfunnsfagundervisning spesielt, har forfattarane i si undersøking vist at 22. juli i liten grad har blitt eit tema i undervisninga i vidaregåande skule, og dermed heller ikkje i samfunnsfaget. Eit par nyare artiklar har undersøkt korleis undervisning om kontroversielle tema kan inngå i demokratiopplæring og har vist korleis dialogisk undervisning kan spela ei rolle i denne samanhengen (Stray & Sætra, 2016; Sætra, 2020a).

